

Til

deg som arbeider helg ved Osterøytunet

Hauge,02.03.20

### AVVIKLING AV FERIE OG YNSKJE OM SOMMARJOBB

#### Frist for innmelding av ferieveker

For ei helgestilling er det berekna ferietid slik; ei langhelg med fredag-laurdag-sundag, i tillegg kan du velje ein laurdag i ei korthelg, eller ein fredag i ei langhelg.

Alle har rett til å avvikle tre veker samanhengande hovudferie mellom 1.juni og 30.september, men det er ingen plikt. Osterøy kommune har opna opp for fire veker samanhengande omsommaren.

Vi må merke av fem veker på turnus der det står at du har avvikla ferie. Dette kan vere heile eller halve veker der du ikkje tar vakter, men vi må få det på plass.

Eg ber deg tenke gjennom korleis du ynskjer å plassere desse vekene på turnus, og ta kontakt med avdelingsleiar for å få dette godkjent.

Det kan tenkast at du som arbeider helg er interessert i arbeide mest mogeleg om sommaren, og det er vi svært glade for ved tunet. Dersom du ynskjer å arbeide som ferievikar sommaren 2020, må avdelingsleiar ha skriftleg beskjed om dette innan fristen under. Det er ikkje naudsynt å søkje på utlysning ferievikariat som kjem på heimesida i kommunen.

***Frist: 22.3.20***

Med venleg helsing

Åse Vevle  
einingsleiar Osterøytunet